

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 28. desember 2017 10:01  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Uttale - Lindås - Gnr 11 bnr 84 - Oppføring av naust - Dispensasjon

Lindås kommune

Bergen 28. desember 2017

Vår ref: 17/15598

Dykkar ref: 17/2271

## **Uttale søknad om dispensasjon til naust på gnr. 11 bnr. 84 på Høllelend, Lindås**

Vi viser til kommunen si oversending i saka.

Saka gjeld søknad om nytt naust. Omsøkt naust er tenkt plassert på ei fylling ut i sjøen. Søknaden krev dispensasjon frå følgjande forhold:

- Planføremål på land som er fritidsbustader
- Plankrav
- Planføremål i sjø
- Byggegrense mot sjø som følgjer av § 1-8 i plan- og bygningslova

Det er opplyst i saka at omsøkt naust ligg på naboeigdomen etter gjeldande kartgrunnlag, og at det klarlegging av eigedomsgrenser pågår.

Fylkesmannen vil i denne saka **rå i frå** dispensasjon, og då med utgangspunkt i at oppføring av naust inkludert fylling vil kome i vesentleg strid med strandsonevernet og sjølve føremålet med byggeforbodet i § 1-8.

At tiltaket krev fire dispensasjoner understrekar at dette er ei sak som kjem i klar motstrid med gjeldande arealplanar og strandsonevernet.

Fylkesmannen ser også at denne saka kan danne presedens, ved at ein her legg opp til naust på areal som i utgangspunktet ikkje er mogleg å bygge på. Ein dispensasjon her vil kunne opne for at det blir legitimt med naust på fyllingar, når det ikkje finnes tilgjengeleg landareal på staden.

Vi vil understreke at fyllinga i seg sjølv er konfliktfull i høve til strandsonevernet og byggeforbodet i strandsona. Det vil seie at summen av tiltak, naust pluss fylling, bidrar til å auke konfliktnivået i forhold til strandsonevernet vesentleg.

Med venleg helsing

Morten Sageidet  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
kommunal og samfunnsplanavdelinga  
tlf: +4755572057

[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)  
[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)  
[Send melding til Fylkesmannen](#)